



Kommuneplan

Samfunnsdelen

Lærdal kommune

HELSING FRÅ ORDFØRAREN

INNHOLD

Helsing frå ordføraren.....	1
1 Innleiing.....	3
1.1 Korleis nytte samfunnsdelen.....	3
1.2 Medverknad	3
1.3 Vårt Verdigrunnlag	4
2 Samfunnsutviklinga	4
2.1 Demografi og samfunn.....	5
Busetnad og sysselsetjing.....	5
Skulestruktur	8
Kommuneøkonomi.....	9
Næringsutvikling, kultur, verdiskaping og kompetanse	10
Kulturarv.....	10
Levekår, trivsel og folkehelse	10
2.2 Samfunnstryggleik	12
Klima og miljø.....	12
Samferdsel og infrastruktur	12
3 Utfordringar	13
3.1 Folketalsendring.....	13
3.2 Eldreomsorg	13
3.3 Arealproblematikk.....	14
4 mål og strategiar	15
Vårt verdigrunnlag	16
4.1 Trygg.....	17
4.2 Aktiv	19
4.3 Skapande	20
5 Oppfølging av samfunnsdelen.....	22
6 Kjelder:	22

1 INNLEIING


I Plan- og bygningslova (2008) vert det understreka i § 11-1 at «kommuneplanen omfattar samfunnsdel med handlingsdel og arealdel». Hovudgrunnen til å utarbeide ein samfunnsdel, er å få ei heilskapleg planlegging for berekraftig samfunnsutvikling. Det handlar om to ting; kommunesamfunnet som heilskap, og kommunen som organisasjon. Samfunnsdelen skal synleggjere dei strategiske vala kommunen tek.

I samfunnsdelen for Lærdal kommune har ein valt tre hovudfokus som dei ulike strategiske vala knyter seg til. Dei tre hovudfokusa er: Trygg, Aktiv og Skapande.

1.1 KORLEIS NYTTE SAMFUNNSDELEN

Samfunnsdelen er bygd opp slik at den først seier noko om verdigrunnlaget vårt, før den set oss i djupna på dei kvalitetane, og utfordingane kommunen har i dag. Vidare går samfunnsdelen meir konkret på mål og strategiar i siste del av dokumentet.

Samfunnsdelen er kommunen sitt overordna styringsdokument, som tyder at alle andre planar skal bygge på denne. Samfunnsdelen skal i lag med arealdel og økonomiplan, vere eit viktig overordna styringsdokument for handsaming og utvikling i Lærdal.



Figur 1: Kommuneplanprosessen (T-1492, miljøverndepartementet)

Samfunnsdelen er sektorovergripande. Det gjer at dei ulike mål- og strategiane er gjeldande for fleire sektorer og grupper i samfunnet. Samfunnsdelen handlar såleis mykje om haldningar og verdiar ein ynskjer Lærdalsamfunnet skal ha i utviklingsarbeidet sitt.

1.2 MEDVERKNAD

I Lærdal er det mange utviklingsprosessar som pågår samtidig. Berre dei siste åra har større prosjekt som attrisjonsprosjektet, omstillings-program og tettstadutvikling vore viktige prosjekt som har involvert dei ulike innbyggjarane i kommunen på fleire møter. Mange av dei same spørsmåla vert stilte, og kunsten er å fange opp kunnskapen ikkje berre til eitt prosjekt, men til fleire.


Medverknadsarbeidet handlar om å fange opp ulike typar grupper sine meininger, synspunkt, behov og spørsmål, og bruke desse til å lage ein plan som er for alle.

Spesifikt for Samfunnssdelen, starta medverknadsarbeidet med ein felles kreativ verkstad for kommuneadministrasjonen og politikarane i kommunen. Dette blei eit svært godt møte, og eit viktig møte som avspark til planarbeidet.

I tillegg vert det lagt opp til folkemøte i høyringsperioden.

1.3 VÅRT VERDIGRUNNLAG

Trygg, aktiv og skapande er valt som verdigrunnlaget til Lærdal kommune, og vil vere viktige faktorar for å lukkast i samfunnsutviklinga. Verdigrunnlaget skal danne grunnlaget, og vere retningsgivande for utviklingsarbeid i Lærdal.



Trygg

Tryggleik handlar om å tilfredsstille innbyggjarane sine krav og forventningar på ein god måte. Når forholdet mellom krav og forventningar ikkje samsvarar, vil kommunen ha behov for å kartlegge manglar, betre formidlingsevna og gjennomføre ei forventningsavklaring til innbyggjarane sine. Kvalitet er ein nøkkelfaktor for tryggleik, og for trivsel.

Aktiv

Å drive Lærdal kommune aktivt framover, er ein føresetnad for å lukkast i samfunnsutviklinga. Å vere aktiv heng saman med det å vere ein pådrivar i samfunnet, som igjen skal gje innbyggjarane ein attraktiv og trygg plass å vere. Ein viktig del av å vere aktiv, handlar om folkehelse, og ein anna viktig faktor er å vere synleg, og å hjelpe til der det trengst for innbyggjarane.

Skapande

Skaparkrafa i Lærdal skal fremjast og satsast på. Ein løftar fram Lærdal som kreativ, både når det gjeld arbeidsplassutvikling og folkehelseutvikling. Lærdal skal satse på sine fortrinn, og utvikle desse til å forsterke identiteten.

2 SAMFUNNSUTVIKLINGA

Halvparten av innbyggjarane i kommunen bur i kommunesenteret Lærdalsøyri. Busetnaden er elles for det meste knytt til det langstrakte dalføret frå Øyri til Borlaug. Lærdal har tidlegare vore delt i tre kommunar, og grenadene og bygdelaga er framleis ein viktig del av identiteten til innbyggjarane i kommunen.

2.1 DEMOGRAFI OG SAMFUNN

Lærdal kommune har generelt hatt ei negativ folketalsutvikling i perioden 2000 til 2016, med ei årleg gjennomsnittleg nedgang på om lag 2 personer, svarande til en nedgang på 1,4 %. I hele landet har folketalet i same periode hatt ein auke ein på om lag 16 %. I fig. 2.1 kan ein sjå ei positiv folketalsutvikling i perioden 2007 til 2011, men frå 2011 til 2015 har kommunen hatt ei negativ folketalsutvikling på 78 personar. Folketalet har i gjennomsnitt blitt redusert med om lag 20 personer i året frå 2011 til 2015, medan frå 2015 til 2016 har Lærdal hatt ei auke på 26 personer.




Fig. 2.1: Kilde: SSB.no, tabell 06913

Innvandringa til Lærdal kommune har variert dei siste åra, men netto innvandring har vore positiv. I 2015 innvandra 40 personer, og gjennomsnittet for perioden 2010-2015 var 28 innvandrarar.

BUSETNAD OG SYSELSETJING


Lærdal kommune har ein tettstad som strekkjer seg frå fjorden og opp mot sjukehuset; Lærdalsøyri (fig 2.2). Her har ein fungerande sentrumsfunksjonar, som kommuneadministrasjon, butikkar, legekontor, skule og barnehage.

Grendene er spreidd rundt i kommunen. Ljøsne og Borgund har eigne barneskular og i Borgund er det også barnehage. Barnehagetilbodet elles i kommunen er på Lærdalsøyri.

I fig. 2.3 kan ein sjå at flest innbyggjarar i Lærdal kommune bur i tettbygd strøk. I 2005 var det 112 personer som bur i tettbygd pr. 100 personer som bur spreiddbygd strøk. Delen som bur i tettbygd strøk har hatt ein liten nedgang, og i 2015 var det 106 personer som bur i tettbygd pr. 100 personer som bur spreiddbygd strøk i Lærdal kommune.




Figur 2.2: Visar SSB si markering av tettstad i Lærdal kommune.
(www.kart.ssb.no)



Figur 2.3: tabell 05212, SSB.no

I fig. 2.4 kan ein sjå endringa i sysselsette i perioden 2008-2014. Her ser ein at forretningsmessig tjenesteyting har ein reduksjon på 111 sysselsette, samt ein reduksjon på 102 sysselsette innanfor helse og sosialtjenester. Den største auka finn ein innafor Transport og lagring og industri. Totalt har talet sysselsette i kommunen hatt ein nedgang på 136 i perioden 2008-2014.




Figur 2.4: Endringa i sysselsette (SSB.no)

Sysselsetjinga i Lærdal kommune er i hovudsak innan Helse og omsorg, jordbruk, bygg og anlegg.


I Lærdal kommune er det 811 sysselsette som bur og arbeider. Ein kan også sjå at det er ein del inn- og utpendlarar.

Både inn- og utpendinga kjem i stor grad frå Årdal, Sogndal og Aurland.

Av figuren under ser ein at sysselsettingsutvikling etter bustad også syner positiv utvikling, men mindre enn veksten i talet på sysselsette etter arbeidsstad. Dette underbyggjer trenden med at fleire pendlar inn til Lærdal frå andre kommunar.



Figur 2.5. Bassert på tall sysselsette som bur eller arbeider i Lærdal kommune.



Kjelde SSB, tal sysselsette etter bustad på venstre graf og tal innbyggjarar på høgre graf

OMSTILLINGSKOMMUNE

Lærdal kommune har omstillingsstatus. Dette inneber at kommunen får tilført ekstra midlar til å drive omstillingsarbeid, etter å ha mista mange arbeidsplassar i kommunen. Arbeidsløysa har stige dei siste åra, då fleire arbeidsplassar har redusert talet på tilsette. Lærdal ligg likevel under landsgjennomsnittet og gjennomsnittet i fylket når det gjeld arbeidsløyse.

Lærdal næringsutvikling (LNU) har ansvaret for omstillingsarbeidet, og er elles eit viktig kontaktpunkt for næringsutvikling i Lærdal generelt. Selskapet er delvis eigd av kommunen, og delvis av Lærdal næringssamskipnad.

I 2013 utarbeida LNU ein omstillingsplan, som gjev føringar for vidare utvikling av arbeidsplassar, og aktivitet i Lærdal, denne vart revidert i 2015. I all hovudsak skal omstillingsarbeidet fylgje kommunen sin utviklingsplan for omstilling. Utviklingsplanen hadde opphavleg fire utviklingsprogram innretta på å skape vekst i Lærdal og gjere Lærdal til ein attraktiv kommune:

- **Vekst i Lærdal** – har fokus på å utvikle næringslivet slik at det blir skapt fleire lønnsame arbeidsplassar både gjennom nyetableringar og i eksisterande næringsliv.
- **Lev og bu i Lærdal** – har fokus på å utvikle eit attraktivt lokalsamfunn som gjer at ein aukar tilflyttinga til Lærdal.
- **Opplev Lærdal** – har fokus på å utvikle eit berekraftig reiseliv med fokus på heilårsaktivitet.
- **Knutepunkt Lærdal** – har fokus på utvikling av ny næring innanfor områder der Lærdal har naturlege fortrinn som knutepunkt i regionen.

Basert på evalueringa av arbeidet vart områda med størst potensiale prioritert, slik at ein no står att med to program. Dette gjer det mogleg å bruke ressursane meir konsentrert der ein håpar å få den største effekten.

Det nye utviklingsprogram har desse vekstmåla:

Utviklingsprogram	
<p>A. Vekst i Lærdal Der gode idear får næring</p> <p>Mål: Lærdal skal vera best på innovasjon og næringsutvikling</p> <p>Det skal vera minst 1.200 arbeidsplassar i Lærdal innan utgangen av 2018 (1.010 arbeidsplassar i 2012).</p> <p>Me skal bidra til å skapa minst 5 bedrifter knytt til det grøne skiftet.</p>	<p>B. Attraktive Lærdal Der det er godt å bu og inspirerande å koma på besøk</p> <p>Mål: Lærdal skal vera den føretrekte bustadkommunen i regionen.</p> <p>Lærdal skal levera dei beste opplevingane i regionen.</p> <p>Det skal vera 2.300 innbyggjarar innan utgangen av 2018 (2.176 i 2012). Det skal vera 525 innbyggjarar i aldersgruppa 20-40 (475 i 2012).</p> <p>Omsetnaden i detaljhandelen skal veksa meir enn landsgjennomsnittet.</p> <p>Tilfredsheitsmåling i 2016 og 2018 blant innbyggjarar og besøkande i Lærdal, med mål om 10 prosentpoeng forbetring.</p>

Prioriterte strategiar for program A –Vekst i Lærdal er:

1. Styrke utviklingssevna til det eksisterande næringslivet
2. Styrke evna til etableringar innanfor grøne næringar
3. Styrke og leggje til rette for satsingar med stort potensiale
4. Utvikle attraktive næringsareal (Håbakken og E16 som kutepunkt)

Prioriterte strategiar for program B – Attraktive Lærdal er :

1. Utvikle eksisterande og ny infrastruktur for attraktiv busetnad i heile kommunen
2. Gjere Lærdal attraktiv for målgruppa 20-40 år
3. Styrke eksisterande og utvikle nye opplevingar og arrangement
4. Framheve dei visuelle og estetiske kvalitetane i Lærdal heile året

Målet med omstillingsarbeidet er at Lærdal kommune skal ha 2300 innbyggjarar innan 2019. For å nå dette målet må me legge til rette for å auke talet på innbyggjarar med 151. Målet er at ein tredjedel av folketalsveksten skal komme frå den mest yrkesaktive aldersgruppa, som også er den mest mobile.

STERKE KUNNSKAPSMILJØ

Lærdal har eit godt klima og lange tradisjonar innan landbruk. Lite nedbør, tidleg vår og godt jordsmonn gjer dalføret i Lærdal svært godt eigna til dyrking av morellar, bær, grønsaker og poteter. Næringa er aktiv, og syner stor evne til utvikling og nyskaping.

Innanfor bygg og anlegg samt helse finn ein også sterke kunnskapsmiljø.

Lærdal sjukehus vart etablert som offentleg sjukehus i 1930, og har opparbeidd seg eit sterkt kompetansemiljø innan helsesektoren. Sjukehuset er i stadig endring og omorganisering. Dei største endringane som er blitt gjort sia staten overtok drifta frå fylkeskommunen (etablering av statlege helseforetak i 2002), er nedlegging av kirurgisk akuttberedskap og omlegging frå fødeavdeling til God start barseleining. I dag har sjukehuset akutt medisinsk beredskap, planlagt ortopedisk aktivitet, God start eining, 24/7 tenester innan laboratoriet/røntgen, dialyse og ein poliklinisk aktivitet innan ein rekke fagområder.

Sogn lokal medisinske senter starta opp 1. mars 2015. Denne tenesta er lokalisert inne på sjukehuset.

SKULESTRUKTUR

I dag har Lærdal tre skular; ein fulldelt barne- og ungdomsskule på Lærdalsøyri, og to fådelte barneskular på Ljøsne og Borgund.

I samsvar med middelframskrivinga til SSB (2015), er det venta eit stabilt elevtal, med noko nedgang i neste planperiode. Dei same framskrivingane gjeld tal barn i barnehagane.

Skulane har svært ulik ressursbruk når det gjeld tal elevar per lærar. Dette skuldast store skilnader i elevtal i klassane på Lærdalsøyri i høve til stega i dei fådelte skulane. Ungdomsskulen på Øyri har i dag fleire elevar per lærar enn gjennomsnittet i landet, medan det i dei fådelte skulane er høg lærartettleik.

Lærdal kommune har utarbeidd ein eigen skulebruksplan for kommunen, som skal på høyring samtidig med samfunnsdelen. I planen ligg desse alternativa føre:

- Dagens situasjon- tre grunnskular.
- To skular,- «ein i kvar ende» (Lærdalsøyri og Borgund).
- To skular, som alternativ 1 men med ny barnehage på Ljøsne.
- To skular og eit oppvekstsenter (barnehage, 1-4skule) på Ljøsne.

I grendene er skulane ein arena for læring, ein samlingsplass og møtestad for dei som bur der. Å ha kort og trygg skuleveg har ein verdi i seg sjølv. Særleg kan dette vere relevant ved val av bustad. Ei nedlegging har som konsekvens at både undervisninga og møteplassen vert flytta til ein annan stad. Både born og foreldre får ein anna arena saman med andre sambygdingar for dei same aktivitetane. Bygga står der og kan vere utgangspunkt for samlingar og aktivitet, dersom grendelaget vil og ser seg tente med det. Dei andre grendene har ikkje skule og har eit spreidd busetnadsmønster. Uavhengig av dette er det på på Lærdalsøyri det har vore størst etterspurnad etter bustadtomter og hus.

KOMMUNEØKONOMI

I løpet av dei siste åra er kommunen sine økonomiske rammevilkår sterkt endra. Summen av skatt på inntekt og formue frå personar og næringsdrivande, overføringer frå staten gjennom rammetilskotet ligg forholdsvis stabilt, medan inntektene frå eigedomsskatt på verker og bruk (kraftanlegg) er fallande. Det er gjort endringar i inntektsoverføringssystemet mellom stat og kommune. Omlegginga slår på kort sikt positivt ut for Lærdal. Det vert lagt større vekt på utvikling i tal innbyggjarar, slik at folketalsutviklinga vert meir avgjerande for overføringane.

Lærdal kommune eig eit kraftverk, og avkastninga her er avhengig av utviklinga i kraftmarknaden. Ut frå det me kjenner til i dag, vil dette gje oss gode inntekter som kan kompensere for bortfall av andre inntekter.

Låneporteføljen er høg. Ei endring på 1% i rentenivået vil slå ut med over 2 mill. kroner på drifta. Det er ikkje venta store endringar i rentenivået dei kommande 2-3 åra, men på sikt vil rentene truleg auke igjen. Me må difor prioritere investeringar som gjev innsparingar i drifta.

For å nå måla må me legge til rette for vekst. For planlegginga av tenestene tek kommunen utgangspunkt i budsjetttrammene, men det ligg eit potensiale i Omstillingsprogrammet og den stabile løyvinga til næringsutviklingsselskapet LNU. Å lukkast med omstillingsarbeidet og folketalsvekst vil betre økonomien.

NÆRINGSUTVIKLING, KULTUR, VERDISKAPING OG KOMPETANSE

Næringsutvikling og kultur heng sterkt saman med verdiskaping og den kompetansen kommunen har for å utvikle desse viktige faktorane. I Lærdal har ein fleire sterke kunnskapsmiljø, i tillegg til lange tradisjonar knytt til verdiskaping og kultur.

I Lærdal kommune er arbeidsplassane i hovudsak tufta på landbruk, helse, reiseliv og logistikk/transportnæringer. Spesielt innanfor landbruk og helse har kommunen sterke kunnskapsmiljø.

REISELIV

Tradisjonen for reiseliv går langt tilbake i tid. Mot slutten av 1800-talet vitja engelske lakselordar Lærdalselvi, og sidan den gong har reiseliv vore ein viktig del av næringslivet i Lærdal. Kommunen har i tillegg fleire hotell, og andre overnattingsverksemder. Borgund stavkyrkje og Gamle Lærdaløyri er ein del av UNESCO si verdsarvliste, og får såleis merksemd både nasjonalt, og internasjonalt.

Lærdal er gjennom Innovasjon Norge, merka som berekraftig reisemål. Lærdal har vore pilotkommune for dette prosjektet, som krev at reiselivet byggjer oppunder dei tre berebjelkane; Miljømessig-, sosial- og økonomisk berekraft.

KULTURARV

Kulturarven er svært rik i Lærdal. Heile dalføret har vore busett og brukt i 6000 år, og i fjella i Lærdal har arkeologar funne spor etter dei første menneska i Noreg.

Den sentrale plasseringa, gjorde Lærdal tidleg til eit viktig knutepunkt. Postvegen frå 1600-talet og kongevegar frå 17-1800-talet er stader i Lærdal du finn spor etter i dag. I tillegg finn ein eldre køyrevegar, i tillegg til gamle ride- og kløvjevegar.

Lærdal var først ute med det meste på landsbygda i Noreg. Døme er køyrevegar, dampbåtruter, apotek, post og telegraf. Tettstaden vart ei viktig hamn, og ein viktig handelsplass, mellom anna gjennom Lærdalsmarknaden, som første gong er nemnd i 1596. Gamle Lærdaløyri vitnar i dag om den eldre bystrukturen, og kva posisjon Lærdal kommune hadde for fleire hundre år sidan.

AKTIVT KULTURLIV

Eit yrande engasjement i blant innbyggjarane i Lærdal, skapar gode arenaer for eit variert kulturliv, og eit høgt aktivitetsnivå. Kultur er ein viktig del av identiteten i kommunen, og det som attspeglar dette er t.d. arrangement som Jordeplerock og Lærdalsmarknaden. Medan Lærdalsmarknaden har tradisjonar så langt tilbake som på 1500-talet, er Jordeplerock eit nyare konsept som syner dei kulturelle tradisjonane og dugnadsvilja Lærdal kommune har.

Kulturskulen er og ein viktig arena for born og unge, når det gjeld å oppleve mestring og utvikling i kvardagen. Kulturskulen har tilrettelagde disiplinar både innan musikk, drama, kunst og video/animasjon. I tillegg har kulturskulen tilbod innan tilrettelagt undervisning/musikkterapi og musikkbarnehage.

LEVEKÅR, TRIVSEL OG FOLKEHELSE

For å skape og oppretthalde eit velfungerande samfunn, er det viktig at innbyggjarane trivast og opplev det som godt å bu i Lærdal. Lærdal er ein kommune ein ynskjer at folk skal busetje seg i, og då bør vilkåra for trivsel vere gode. Lærdal kommune har i dag aktivitetar som oppmodar barn og unge til å treffast, og til å utvikle evnene sine. Kultur- og idrettstilbod, frivillige lag og organisasjonar er alle med på å bidra til trivsel.

Det er også viktig å ta hand om dei som fell utanom organiserte aktivitetar og møteplassar. Gode ukommersielle møteplassar, stiar og samanhengande gangvegar kan gje grunnlag for aktive innbyggjarar og ei god folkehelse.

Trivsel heng saman med tryggleik. For at innbyggjarane skal trivast og verte ivareteke på ein best mogeleg måte bør kvaliteten på dei kommunale teneste vere gode. Her er det viktig å ikkje stagnere, men stadig utvikle seg som organisasjon, heve kvalitet og strebe etter smarte løysingar for fellesskapet.

Det er elles viktig å utvikle seg og tilrettelegge for nye aktivitetar som skapar trivsel.

FOKUS PÅ FOLKEHELSE

Førebygging er ein viktig del av folkehelsearbeidet. I Lærdal har ein gode føresetnader for å vere aktive, i det landskapet ein har, med både fjord, fjell og elv. Turmogelegeitene er mange, og helse er ein viktig del av kompetansen kommunen har.

Frisklivssentralen i Lærdal vart etablert i 2015, og er eit godt døme på eit folkehelseinitiativ som vektlegg førebygging, meir enn behandling. Tilbodet er i utgangspunktet for personar i risikogruppe for å utvikle sjukdom, som treng oppfylging av helsepersonell til å endre levevanar og mestre sjukdom. Men også andre som ynskjer hjelp med livsstilsendring kan kome. Meininga med frisklivssentralen er å spare utgifter for samfunnet, samstundes som ein tilbyr gode tenester der enkeltmenneske skal få ein betre kvardag.

Lærdal kommune har i tillegg oppdatert helse- og omsorgsplan, som klargjer situasjonen for helsetenester i kommunen, både når det gjeld utfordringar, og kva strategiske grep som skal nyttast vidare. Satsing på kvalitetsutvikling, kompetanse og rekruttering er ein viktig del av dette arbeidet.



Figur 2.6: Gatelangs

NÄRMILJØ

Lærdal kommune har ein tydeleg tettstad; Lærdalsøyri, samt fleire grender spreidd rundt i kommunen. Å ha gode nærmiljø er viktig for god trivsel der ein bur. Bustaden er ei ramme for eit sosialt liv og gjev ein tilhørlegheit til eit nærmiljø og lokalsamfunn. Det å bu trygt og godt er viktig for å kunne stå eit utdanningsløp, danne familie, ha ein stabil tilknyting til arbeidslivet og ta vare på helsa. Viktige faktorar for gode nærmiljø kan vere; god tilgjenge til naturen, sosiale møteplassar, fritidsaktivitetar, tenester og kultur. I glandene er det også stadeigne kvalitetar som gjer nærområdet attraktivt.

God tilgjenge til naturen er med på å skape gode nærmiljø og levande grender. Dette er ei av styrkjene til Lærdal då det er lett tilgjenge til naturen stort sett over alt.

Fritidsaktivitetane for barn i Lærdal knyter seg stort sett til Lærdalsøyri og området rundt skulen, med kulturskulen og idrett. Elles er det glandalag eller andre som held aktivitetar oppe på dei mindre stadene. Til dømes trim og diverse arrangement.

Også andre kvalitetar ved å bu i glandene påverkar grunnlaget for val av bustad. Mellom anna spelar butikken ein viktig rolle som møteplass på Borgund og Ljøsne. På Borgund fyller puben også ei slik rolle.

VERTSKOMMUNE FOR FLYKTNINGAR

Over ein treårs periode vil Lærdal ta i mot 60 flyktningar. Dette krev eit godt og velfungerande apparat rundt, for å ta i mot, busetje, drive språkopplæring etc. Eit samarbeid med nabokommunar vil vere aktuelt rundt desse problemstillingane.

2.2 SAMFUNNSTRYGGLEIK

Lærdal er ein kommune som er tett på naturhendingar som kan få alvorlege følgjer. Kommunen har bratte fjell på kvar side av dalføret, og difor er potensiell rasfare langt ned mot busetnaden. Lærdalselvi som svingar nedover frå Filefjell og Hemsedalfjellet, og ut i Sognefjorden via Lærdalsøyri, kan flaume over ved store nedbørsmengder. Kommunen er såleis utsatt for venta klimaendringar med meir nedbør og havnivåstigning. Lærdal har viktige trafikkårer gjennom kommunen, med fare for ulykker. Lange tunnellar er særleg sårbar for brann og andre store hendingar.

Brannen på Lærdalsøyri i januar 2014, sette kommunen på ei stor prøve når det gjeld beredskap. Attrisingsprogrammet er kommunen sitt program for attrising og utvikling av kommunen etter brannen, der eit av hovudmåla er å redusere framtidig sårbarheit i Lærdal.

Ei overordna risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS) er fundamentet for arbeidet med samfunnstryggleik i kommunen. Sivilbeskyttelseslova og forskrift om kommunal beredskapsplikt set krav til at kommunane skal ha overordna ROS-analyse og beredskapsplan. Lærdal kommune si overordna ROS-analyse er frå 2015.

KLIMA OG MILJØ

Den geografiske plasseringa til Lærdal gjer kommunen utsatt for klimaendringar som auka nedbør og høgare havnivå. Klimatilpassing er difor ein viktig del av kommunen sitt arbeid med samfunnstryggleik.

Kommunen vil ta sin del av ansvaret for å redusere klimagassutsleppa. Det er få hurtigladestasjonar for elbil i indre Sogn, og Lærdal som trafikkknutepunkt peiker seg ut som ein god stad for dette. Kommunen er eigar av fleire bygg og anlegg kan gjennom innkjøp og redusert energiforbruk redusere klimagassutsleppa.

Kommunen som samfunnsaktør kan gjennom si verksemde også legge til rette for at den enkelte kan gjøre god miljøval i sin kvardag.

SAMFERDSEL OG INFRASTRUKTUR


Sjølv om Lærdal alltid har eit viktig trafikk-knutepunkt skjedde det store endringar for 15-20 år sida. I 1995 vart ferjesambandet Fodnes-Mannheller opna og korta inn reisetida til Sogndal. Same år opna vegen til Årdal. I 2000 opna Lærdalstunnelen. Hovudvegen gjennom kommunen er E16 frå Aurland via Lærdalstunnelen / Håbakken og over Filefjell. Når utbetringa av vegen over Filefjell er ferdig i 2018 vil den ha tilnærma 100% vinterregularitet. Rv 52 over Hemsedalsfjellet er og ein viktig hovudveg som møter E16 på Borlaug. Det same gjeld rv5 frå Florø via Førde og Sogndal med tilknyting til Nordvestlandet som endar på Håbakken. Dette gjer ikkje berre Håbakken, men heile kommunen til eit sentralt knutepunkt for det overordna nasjonale vegnettet i Sør-Noreg.

Aust-vest utgreiinga som Vegdirektoratet presenterte i 2015 tilrår at i eit langtidsperspektiv fram mot 2050 bør Rv 52 via Hemsedal, mellom anna på grunn av tidsfaktoren, ta over som hovudtrase aust vest. Dette føreset lang tunnel på 20 km frå Borlaug og austover og må sjåast i samanheng med bru mellom Fodnes og Mannheller. I riksvegutredninga 2015 er det sagt at i tillegg til ferjefri E39 vil det på lengre sikt vere viktig med ferjefri riksveg 5. I eit slikt perspektiv vil Lærdal også i framtida vere eit sentralt knutepunkt. Trafikken vil auke og reisetidene mellom viktige målpunkt vil verte ytterelegare redusert.

Lokalvegen gjennom kommunen og hovudvegen aust/vest var tidlegare ein og same veg. Når lang tunell frå Tømjum og forbi Ljøsne skule står ferdig skal det meste av E16 frå Håbakken og austover ha skilt lag med lokalvegen. Mindre trafikk gjennom bygdene vil ha positiv effekt i forhold til mellom anna støy, men kan gje eit dårligare kollektivtilbod. Nedklassing frå riksveg til fylkesveg har og sine konsekvensar. I samband med trafikktryggingsplanen har kommunestyret bede om ei utgreiing for å skilje gjennomgangstrafikk og lokaltrafikk mellom sjukehuset og sentrum.

Sommartrafikken er over dobbelt så stor som vintertrafikken, men når ein samanliknar trafikken i 2009 med trafikken i 2014 for Borgundtunnelen og Lærdalstunnelen har årleg trafikkauke vinterstid vore over 3% medan sommertrafikken berre har auka med 1%.

Tabellen under syner ÅDT gjennom Lærdalstunellen, og viser forskjellen mellom trafikken sommar, og vinter.



Andel køyrety lenger enn 5,6 m er på heile 25%. Håbakken er valgt ut som viktig logistikk knutepunkt i kommunen. Det er planar om ytterlegare utvikling her. Det bør likevel vere eit større fokus på at det er relativ kort avstand frå Håbakken til Øyri og at heile aksen Øyri - Borlaug har knutepunktkvalitetar når ein ser det overordna vegnettet i samanheng. Lærdal kommune har 43 kommunale vegar. Det ligg føre eigen trafikksikringsplan for 2013-2024.

3 UTFORDRINGAR

3.1 FOLKETALSENDRING

Lærdal kommune har generelt hatt ei negativ folketalsutvikling i perioden 2000 til 2016, med ei årleg gjennomsnittleg nedgang på om lag 2 personer, svarande til en nedgang på 1,4 %. I hele landet har folketalet i same periode hatt ein auke ein på om lag 16 %.

Prognosene vist i fig. 3.1 syner at Lærdal kommune vil i framskrivningsperioden 2015-2040 ha en befolkningsnedgang på 111 personar. Dette er ein reduksjon på om lag 5 %.




Fig. 3.1: Kilde: SSB.no, tabell 10213

Dersom det vert større endringar, t.d. i innflytting og utflytting, vil dette påverke prognosane monaleg, og mindre endringar i tal fødde, levealder, inn- og utflytting vil sjølv sagt også gje mindre endringar i prognosane.

3.2 ELDREOMSORG

Ein kan seie at det er to demografiske hovudutfordringar for kommunen, det eine er ein auken i aldersgruppa +67 år på ca. 55 % og det anna er ein nedgang i folketalet i aldersgruppa 16-66 år på ca. 20 % (fig 3.2). Fokus i den kommunale planlegginga bør i så måte vere å auke tilflyttinga og å planleggje korleis ein skal innrette eldreomsorga i framtida.




Fig. 3.2: Kilde: SSB.no, tabell 10213

3.3 AREALPROBLEMATIKK

For å snu folketalsutviklinga i Lærdal, lyt ein ha fokus på å skape nye arbeidsstader og gjere seg attraktiv på bustadmarknaden.

Tilrettelegging for nye næringar for å skape fleire arbeidsstader vil vera viktig å fokusere på i planlegginga framover. Håbakken er eit område med stort potensiale for utvikling. Ei annan problemstilling som er viktig å ta med seg er; balansen melom næringssentral og jordbruk. Lærdal er ein jordbrukskommune, med mykje næring knytt til matproduksjon.

Med bratte fjellsider, ras og flaumproblematikk, samt vern, kan nydyrkning og anna utvikling vera vanskeleg. Balansen mellom desse vert difor ei viktig problemstilling framover for å få ei ynskja utvikling av kommunen.


4 MÅL OG STRATEGIAR

Lærdal: TRYGG – AKTIV - SKAPANDE



VÅRT VERDIGRUNNLAG

Trygg, aktiv og skapande er valt som verdigrunnlaget til Lærdal kommune, og vil vere viktige suksessfaktorar for å lukkast i samfunnsutviklinga. Verdigrunnlaget skal vere danne grunnlaget, og vere retningsgivande for utviklingsarbeid i Lærdal.



Trygg

Tryggleik handlar om å tilfredsstille innbyggjarane sine krav og forventningar på ein god måte. Når dette forholdet ikkje samsvarar, vil kommunen ha behov for å kartleggje manglar, betre formidlingsevna og gjennomføre ei forventningsavklaring til innbyggjarane sine. Kvalitet er ein nøkkelfaktor for tryggleik, og for trivsel.

Aktiv

Å drive Lærdal kommune aktivt framover, er ein føresetnad for å lukkast i samfunnsutviklinga. Å vere aktiv heng saman med det å vere ein pådrivar i samfunnet, som igjen skal gje innbyggjarane ein attraktiv og trygg plass å vere. Ein viktig del av å vere aktiv, handlar om folkehelse, og ein anna viktig faktor er å vere synleg, og å hjelpe til der det trengst for innbyggjarane.

Skapande

Skaparkrafa i Lærdal skal fremjast og satsast på. Ein løfte fram Lærdal som kreativ, både når det gjeld arbeidsplassutvikling og folkehelseutvikling. Lærdal skal satse på sine fortrinn, og utvikle desse til å forsterke identiteten.

4.1 TRYGG

Lærdal skal vere ein stad der ein kjenner seg trygg. Ein skal vere trygg på at ein til ei kvar tid får den hjelpe ein treng. Ein skal kjenne seg trygg på at ein kan trivast der. Ein skal kjenne seg trygg på at kommunen stillar opp og er ein støttespelar. Og ein skal kjenne seg trygg på at den offentlege organisasjonen bidreg til kvalitet i samfunnsutviklinga, i alt frå barnehage og skule, innanfor helse, samfunnstryggleik, arbeidsplassar og miljø. Lærdal er ein kommune som representerer TRYGGLEIK.



HOVUDMÅL - TRYGG:

Tryggleik skal vere eit viktig kjennemerke i alt kommunen føretar seg.

TRYGG delmål 1: Fremje kunnskap, kompetanse og trygge arbeidsplassar

STRATEGIAR

Kommunen sitt ansvar

- Arbeide for god dialog og felles forståing mellom næringsliv og kommunen
- Dra vekslar på lokale natur- og kulturressursar i næringssatsinga, på ein slik måte at berekraftperspektivet er ivaretake
- Setje av gode næringsareal, til ulike typar næringar

Kommunen arbeider for

- Halde på eksisterande kompetanearbeidsplassar, og tiltrekke seg endå fleire
- Bidra til auka matproduksjon og å stimulere til auka aktivitet i jord- og skogbruknæringa
- Legge til rette for nyskaping og entreprenørskap
- Styrke kommunen som tilretteleggjar i samråd med lokalt og regionalt næringsliv

TRYGG delmål 2: Trygg kommune å ferdast i

STRATEGIAR

Kommunen sitt ansvar

- Oppdatert ROS analyse og beredskapsplan
- Opparbeide gode rutinar for katastrofar som td. brann og flaum
- Førebyggje trafikkulykker, gjennom eit godt tverretatleg samarbeid
- Gjennomføre risikovurderingar i høve ras og flaum

Kommunen arbeider for

- God mobil- og breibandsdekning i heile kommunen
- Vegsystemet er trygt å ferdast på for alle trafikantar
- Styrke det kollektive busstilbodet lokalt og regionalt
- Etablere hurtigladestasjon for el-bil i kommunen

TRYGG delmål 3: Trygg start på livet, med gode læringsarenaer

STRATEGIAR

Kommunen sitt ansvar

- Til ei kvar tid har full barnehagedekning
- Fremje ein skulebruksplan som sikrar eit godt skultilbod i Lærdal
- Legge til rette for gode rutinar for vedlikehald av skular/barnehagar
- Sikre stimulerande og allsidige uteområde for barn
- Eit heilskapleg skulelaup frå barnehage til vidaregående skule, som sikrar gode overgangar for den enkelte
- Utarbeide ein langsiktig strategi for kompetanseutvikling i skulen
- Oppretthalde eit godt tilbod hjå helsestasjonen og PPT

Kommunen arbeider for

- Samarbeide med lag og organisasjoner som driv barne- og ungdomsarbeid
- Løfte fram folkehelse tidleg i livet
- Tryggja gode tilhøve for læring i skulen

TRYGG delmål 4: Gode og samordna kommunale tenester

STRATEGIAR

Kommunen sitt ansvar

- Planlegging mellom økonomiplan og fagseksjonar skal sikre gode kommunale tenester, der brukaren er i fokus
- Utvikle gode leiarar som har stort fokus på fag og utvikling
- Ein formidlar godt nok ut kva ein kan tilby i form av direkte tenester og kva ein kan tilby ved tilrettelegging
- Rekruttere og halde på arbeidstakrar med rett kompetanse.
- Tilby helsetenester på riktig omsorgsnivå
- Redusere energiforbruket i kommunen

Kommunen arbeider for

- *Forutsigbar og god planlegging*
- Miljøvenlege innkjøp og redusert energiforbruk i kommunale bygg

4.2 AKTIV

Å drive Lærdal kommune aktivt framover, er ein føresetnad for å lukkast. Å vere aktiv heng saman med det å vere ein pådrivar i samfunnet, som igjen skal gje innbyggjarane ein attraktiv og trygg plass å vere. Ein viktig del av å vere aktiv, handlar om folkehelse, og ein annan viktig faktor er å vere synleg, og å hjelpe til der det trengst for innbyggjarane.



HOVUDMÅL – AKTIV:

Lærdal kommune skal vere ein aktiv pådrivar i samfunnsutviklinga

AKTIV delmål 1: Fleire skal flytte til Lærdal

STRATEGIAR

Kommunen sitt ansvar

- Variert tilbod av bustader/tomter tilgjengeleg i heile kommunen
- Nye innbyggjarar/tilflyttarar opplever å få ein god velkomst, og den informasjonen dei treng
- Vidareutvikle Lærdalsøyri som ein attraktiv tettstad

Kommunen arbeider for

- Kontinuerlig arbeid med omdømebygging

AKTIV delmål 2: Gode sosiale møteplassar

STRATEGIAR

Kommunen arbeider for:

- Samarbeide med næringsliv og frivillige lag- og organisasjonar for å styrke eksisterande, og skape nye møteplassar
- Halde på, og utvikle kulturskuletilbodet som ein viktig ressurs for born og unge
- Trivselstiltak, ved å støtte eldsjeler og frivillige organisasjonar
- Ivareta og utvikle ukommersielle møteplassar
- Samarbeid med frivillige som arrangerer festivalar etc i kommunen

AKTIV delmål 3: God helse for alle

STRATEGIAR

Kommunen sitt ansvar

- Systematisk og langsiktig arbeid med folkehelse
- Folkehelse skal vere sektorovergripande
- Det er lett tilkomst til turløyper/stiar i nærmiljøet
- Oversikt over folkehelseprofilen i kommunen

Kommunen arbeider for

- Legge til rette for ein aktiv livsstil gjennom å tryggje ferdsla mellom bustadområda og grendene

AKTIV delmål 4: God forvaltning av areala

STRATEGIAR

Kommunen sitt ansvar

- Landbruks- og naturområde skal ikkje vert reduserte, utan at det er gjort grundige vurderingar som tilseier at det er naudsynt for anna viktig samfunnsutvikling
- Ta vare på gode og samanhengande landbruksareal
- Arbeide for å sikre rekruttering i landbruket
- Sikre ålmenta viktige og varierte friluftsareal, i alle delar av kommunen
- Setje av naudsynte areal for bustad med god kvalitet
- Det er attraktive næringsareal tilgjengelege i kommunen
- Sikre ein miljø- og klimavenleg strategi i arealforvaltninga

4.3 SKAPANDE

Skaparkrafa i Lærdal skal fremjast og satsast på. Ein løfter fram Lærdal som kreativ, både når det gjeld arbeidsplassutvikling, folkehelseutvikling og samfunnsutviklinga generelt.



HOVUDMÅL -SKAPANDE

Lærdal har skaparkraft i utviklingsarbeidet

SKAPANDE delmål 1: Arbeidsplassar med naturlege fortrinn

STRATEGIAR

Kommunen arbeider for

- Utvikle næringer knytt til Lærdal sit fortinn som knutepunkt i regionen
- Utvikle næringer der Lærdal har kompetansefortrinn. Døme er helse, reiseliv, landbruk og samferdsel/logistikk
- Kommunen skal vere ein god ambassadør for næringslivet, og kvalitetane dei sit på
- Laupande gjensidig kontakt med bedrifter om areal- og kompetansebehov
- Kommunen vil i samarbeid med næringslivet stimulere til innovasjon og gründerskap
- Oppretthalde omdømet og kvalitetsstemelet som eit berekraftig reisemål

SKAPANDE delmål 2: Rom for eit kulturer mangfold

STRATEGIAR

Kommunen sitt ansvar

- Etablering av ei god gjensidig kulturell forståing, som sikrar respekt og medmenneskelegheit
- Etablere eit system, i samspel med frivillige lag og organisasjonar, som sikrar eit godt integreringsarbeid for nye borgarar i kommunen
- Sikre bustader nok til flyktningane som kjem til kommunen
- Sikre ei god organisering av språkopplæring

Kommunen arbeider for

- Born og unge mestrar dei ferdighetene som gjer at dei seinare kan delta i utdanning og samfunnsliv.

SKAPANDE delmål 3: Kulturhistoria spelar på lag med samfunnsutviklinga i Lærdal

STRATEGIAR

Kommunen sitt ansvar

- God forvaltning av kulturmiljøa
- Utarbeide ein plan og strategi for potensielle kulturressursar
- Samlokalisere kulturkompetansen

Kommunen arbeider for

- Bruke kulturhistoria som viktig ledd i næringsutvikling
- Gjere tilgjengeleg historiske verdiar, slik at fleire kan lære om staden dei veks opp på
- Identiteten til Lærdal er synleg, og gjev innbyggjarane ei oppleving av tilhørersle

5 OPPFØLGING AV SAMFUNNSDELEN

Som styringsdokument må samfunnsdelen vektleggjast i alle plan- og utviklingsprosessar i kommunen. Det er viktig at ein brukar mål- og strategidokumentet som ein viktig ressurs og ein strategisk retning i arbeidet.

Strategiar som er knytt til arealbruk vert vil vere rettesnor for det vidare arbeidet med kommuneplanens arealdel.

Samfunnsdelen har eit utviklingsperspektiv på 10 – 12 år. Det er likevel eit ynskje at den vert evaluert ein gong kvar planperiode (kvart fjerde år).

6 KJELDER:

Attrisingsplanen

Lærdal kommune: www.laerdal.kommune.no

Lærdal næringsutvikling: www.laerdalnu.no

Omstillingssplanen for Lærdal

Statistisk sentralbyrå: www.ssb.no